



Magne Heggøy på Rabben Feriesenter AS får storinnrykk av spreke fjellfolk i september.

Første helga i september, 04.-06.09., inviterer DNT fjellsport Bergen til Basecamp Uskedalen. Det er ei samling der dei håpar å rekruttera nye medlemmer. Dei vil bu på Rabben Feriesenter AS. Det er tinga hytteplass til dei 37 første påmelde, medan resten får tilbod om å bu i lavvo eller egne telt på campingplassen.

Arrangørane skriv i invitasjonen at dei håpar å få med mange nye fjellsportarar til liks med mange gamle. - Vi kan friste med føring på bre og rangling over luftige tindar. Dei som ønskjer å klatre eller gå på tur på eiga hand, er sjølv sagt også hjarteleg velkomne, vert det mellom anna sagt.

Det vert eit rikt og variert turopplegg i dei vakre fjella i området. Det er lagt opp til 3 føringsturar. Det er til Bjørndalstraversen, Gygratolen og Blåisvandring på Botnabreen. På kvar av desse er det 6 plasser, og det er førehandspåmelding.

I tillegg vert det lagt opp til mange turar utan førehandspåmelding. Aktuelle turmål er Andersfjellet, Englafjell, Melderskin og Bjørndalstinden. Andre kan også verta aktuelle.

Laurdag kveld vert det felles grillmiddag, og Øyvind Salvsen vil halde foredrag om ekspedisjonen sin til Patagonia sist vinter.

De kan lesa meir om Basecamp Uskedalen og melda dåke på på [DNT fjellsport Bergen si nettside](#),



Flotte fjell! Sprek 7.klasse på toppen av Manen i 2013. Englafjell og Ulvanåso i bakgrunnen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen og Svein A. Sunde